



Årsrapport 2005



INNHALD

1	FØREORD FRÅ REKTOR	3
2	OPPSUMMERINGAR FRÅ 2005	4
2.1	KUNNSKAPSLØFTET.....	4
2.2	ORGANISASJONSPROSJEKTET.....	4
2.3	KOMPETANSEUTVIKLING.....	4
2.4	KVALITETSSYSTEMET.....	4
2.5	STUDENTTAL.....	5
2.6	INTERNASJONALISERING.....	5
2.7	MASTER I HELSE- OG SOSIALARBEID OG MASTER I KULTURMØTE.....	5
3	ÅRSMELDING FRÅ STYRET	6
3.1	OVERSYN OVER VERKSEMDA.....	6
3.1.1	Hovudtal frå Høgskulen i Volda si verksemd.....	8
3.2	TILSETTE OG MILJØ.....	9
3.2.1	Tilsette ved Høgskulen i Volda.....	9
3.2.2	Likestilling.....	9
3.2.3	Helse-, miljø og tryggleik.....	9
3.2.4	Ytre miljø.....	11
3.3	UTDANNING.....	11
3.3.1	Utvikling i studenttal, nye studium/nedlegging av studium.....	11
3.3.2	Marknadsdialog og ekstern verksemd.....	14
3.3.3	Internasjonalisering.....	15
3.4	FORSKING, UTVIKLING OG FORMIDLING.....	16
3.4.1	Forskings- og utviklingsarbeid.....	16
3.4.2	Formidling.....	17
3.4.3	Elektroniske tenester.....	18
3.4.4	Biblioteket ved Høgskulen i Volda.....	18
3.5	ANLEGG.....	19
3.6	RESULTATET I 2005.....	19
3.6.1	Rekneskapsprinsipp og samla rekneskap.....	19
3.6.2	Løyvingsfinansiert verksemd.....	20
3.6.3	Eksternt finansiert verksemd.....	22
3.6.4	Balanse og likviditet.....	23
3.7	STRATEGISKE PLANAR OG UTFORDRINGAR.....	24
3.7.1	Utfordringar knytte til forskning.....	25
3.7.2	Utfordringar knytte til utdanning.....	25
3.7.3	Utfordringar knytte til bygg og anlegg.....	26
3.8	STYRINGSORGAN OG ORGANISASJON.....	27
3.8.1	Høgskulen sitt styre.....	27
3.8.2	Høgskulen sin organisasjon.....	28
4	ÅRSREKNESKAPEN	29
4.1	RESULTATREKNESKAP.....	29
4.2	BALANSE.....	30
4.3	KONTANTSTRAUMANALYSE.....	31
4.4	NOTAR TIL REKNESKAPEN.....	32
5	RAPPORT FRÅ REVISOR	42

1 FØREORD FRÅ REKTOR

Dei siste åra har det blitt gjennomført omfattande endringar innanfor høgre utdanning i Noreg. Impulsane til endingsprosessen er både nasjonale og internasjonale. Det er nødvendig å vere medviten desse impulsane som påverkar høgre utdanning, vurdere dei kritisk og samtidig utvikle vår evne til omstilling. Utfordringa er å gjere nødvendige omstillingar som gjer oss betre rusta til å møte utfordringane som endringa i rammevilkåra skaper, utan å gå på akkord med grunnleggande verdiar i høgre utdanning.

I 2005 har arbeidet med organisasjons- og leiingsstrukturen stått sentralt. Ei arbeidsgruppe nedsett av styret la i september fram ei innstilling som har vore ute til ei omfattande drøfting i organisasjonen. Føremålet med organisasjonsprosjektet er å tenke gjennom korleis høgskulen skal vere best mogleg rusta til å møte framtidens utfordringar. Styret vil fullføre arbeidet med organisasjonssaka våren 2006.

Særpreget til Høgskulen i Volda er ein kombinasjon av profesjonsutdanningar og fagstudium, der humanistiske og samfunnsvitskaplege fag dominerer. For å skape ein institusjon med høg relevans og kvalitet, har vi sett det som viktig å utvikle ein meir spissa fagprofil. Eit viktig tiltak i den samanhengen er å utvikle tilbod på mastergradsnivå på faglege satsingsområde. Desse områda er også prioriterte i strategiplanen for forskning. Vi har i dag tre mastergradstilbod, men fleire fagmiljø har i 2005 arbeidd med planar om nye mastergradstudiar. Dette vil gjere det mogleg å gi tilbod om fagleg fordjuping på dei områda vi har våre viktigaste grunnutdanningar. Dette vil gjere høgskulen til eit meir interessant fagmiljø både for tilsette, studentar og eksterne samarbeidspartnarar.

1. januar 2005 blei Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa etablert ved HVO. Senteret skal vere eit nasjonalt ressurscenter for nynorsk i grunnopplæringa, og drive forskings-, forsøks- og utviklingsarbeid. Senteret vil bli ein viktig tilvekst for vår satsing på nynorsk skriftkultur, for lærarutdanninga og utdanningsforskninga.

HVO er ein viktig regional kunnskaps-, utviklings- og forskingsaktør. Høgskulen har eit omfattande samarbeid med lokalt og regionalt arbeids- og samfunnsliv om FoU på fleire område. Høgskulen i Volda har særleg samarbeid med skule-, kultur-, kommune- og mediesektoren. Vi har etter kvart også styrka kontakten med næringslivet i regionen.

I 2005 har høgskulen hatt eit sterkt engasjement knytt til Kunnskapsløftet, den store reforma som omfattar heile grunnopplæringa. Høgskulen har lagt til grunn at dette arbeidet skal utviklast i samarbeid med kommunar og skular som har ønske om å inngå avtalar for langsiktige læringsprosessar knytt til heile skuleorganisasjonen. På den måten vil vi framstå som ein attraktiv tilbyder og medspelar i kompetanseutviklinga av lærarar og skuleleiarar.

Høgskulen har i 2005 inngått ei rekkje ny samarbeidsavtalar med utanlandske utdanningsinstitusjonar. Målet har vore å bygge ut eit større internasjonalt kontaktnett, som kan gi grunnlag for meir systematisk utveksling av studentar og tilsette. For å styrke tilbodet for studentar som vil studere i Volda, har høgskulen som mål at vi skal ha attraktive tilbod innanfor alle viktige undervisningsområde.

Gunnar Stave
rektor

2 OPPSUMMERINGAR FRÅ 2005

2.1 Kunnskapsløftet

Kompetanseheving for lærarar og skuleleiarar er ein sentral del i gjennomføringa av *Kunnskapsløftet*; regjeringa si nye reform for grunnskulen og vidaregåande opplæring. Høgskulen i Volda ønskjer å vere ein sentral samarbeidspartnar for skulane når Kunnskapsløftet skal gjennomførast (2005 – 2008). Arbeidet med Kunnskapsløftet er organisert som eit prosjekt forankra i leiinga. Kontoret for etter- og vidareutdanning har prosjektansvaret, og dekanane for lærarutdanningane utgjer styringsgruppa. Kontakten med utdanningsdirektøren i fylket er svært god og prosjektleiinga ved HVO er med i fylkesgruppa for Kunnskapsløftet i Møre og Romsdal. HVO sin policy for Kunnskapsløftet er å prioritere samarbeid med kommunar og skular som har ønske om å inngå avtalar for langsiktige læringsprosessar knytte til heile skuleorganisasjonen, i staden for korte faglege opplevingar. Høgskulen i Volda har lukkast med å med å få til ein god dialog med kommunane og skulane i 2005. Vi opplever at dei ser på oss som ein attraktiv tilbydar og medspelar i kompetanseutviklinga av lærarar og skuleleiarar. Vi har til no inngått avtalar for knapt 2 mill. kroner. Omfanget av avtalar er avgrensa av den faglege kapasiteten vår.

2.2 Organisasjonsprosjektet

Høgskulen er i gang med eit organisasjonsprosjekt. Arbeidet tok til sommaren 2004. Hovudmålet med prosjektet er å gjere ein analyse av dagens organisering og kome med framlegg til ein organisasjons- og leiingsstruktur som på ein føremålstenleg måte gjer det mogeleg å møte framtidens utfordringar. Prosjektgruppa la fram si innstilling 1. september 2005. Etter høyring og styreseminar var saka oppe i styret på desembermøtet. Der vedtok styret at HVO framleis skal vere organisert med relativt få avdelingar med stor grad av delegert sjølvstende og ansvar for eigen økonomi og utvikling innfor klart definerte rammer. Styret vedtok også at avdelingane skal ha tilsette dekanar. Spørsmålet om kor mange avdelingar ein skal ha og korleis dei skal vere samansette skal avklarast i løpet av vårsemesteret 2006. Det same gjeld spørsmålet om vald eller tilsett rektor.

2.3 Kompetanseutvikling

Høgskulen i Volda sette ned ei gruppe i 2005 som skal utarbeide eit kompetanseutviklingsprogram. Arbeidet er forankra i strategiplanen for FoU. Utvalet arbeider både med kompetanseutvikling for allereie tilsette og med tiltak for nyrekruttering. Gruppa skal leggje til grunn eit kjønnsperspektiv der kompetanseheving for kvinner vert spesielt vektlagt. Tiltak for systematisk kompetanseutvikling inkludert eit eige førstelektorprogram vil ligge føre i løpet av 2006.

2.4 Kvalitetssystemet

System for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen i Volda vart godkjent av NOKUT sitt styre på møte 20. juni 2005. Hausten 2005 laga Høgskulen i Volda sin første årsrapport om studiekvalitet for studieåret 2004-2005. Rapporten vart godkjend av HVO sitt styre i desember 2005. Rapporten viser at vi er komne langt i implementeringa av sjølve systemet. Jamført med planen for det som skulle vere på plass, er det berre spørjeundersøkinga om læringsmiljøet som ikkje er gjennomført. Men eitt års erfaring med kvalitetssystemet avdekte som venta nokre problem. Ein av stolpane i kvalitetssystemet på studentsida er kvantitative resultatevalueringar for kvart emne og studieprogram som vert avslutta. Dessverre har oppslutninga om desse evalueringane vore svært låg. Dette trass i at vi la inn både kollektive og individuelle incentiv i form av pengar til studenthuset og bokpremiar. Kvalitetsarbeid krev kontinuerleg fokus. Å fylle systemet med rett og tilstrekkeleg innhald er den største utfordringa. Dei viktigaste føresetnadane for dette er sterke fagmiljø og ein kvalitetsmedviten kultur i heile organisasjonen.

Høgskulen i Volda vil satse på meir og betre tilgjengeleg informasjon om kvalitetsarbeid. Vi vil ha ein gjennomgang av Classfronter som informasjons- og undervisningskanal. I neste omgang vil kvalitetssystemet bli utvida til å omfatte forskning og oppfølging og kompetanseutvikling av dei tilsette.

2.5 Studenttal

Høgskulen i Volda har hatt auke i studenttalet dei siste åra. Talet på personar har auka, men talet på eigenfinansierte heiltidsekvivalentar gjekk noko ned frå og med hausten 2005, etter pålegg frå departementet. Det er særleg talet på deltidsstudentar som aukar. Vi har mange fleksible studietilbod; både deltid og heiltid, nett- og samlingsbasert som gjer at vi trekkjer til oss mange søkjarar frå ulike deler av landet. Studentar på fleksible studietilbod treng mykje oppfølging og har ein ujamn progresjon. Dette kan vere ein av årsakene til den svake nedgangen i gjennomføringa av studieplanen og nedgangen i studiepoengsproduksjon per student i 2005. I 2006 vil ein ha fokus på denne nedgangen og kva som kan vere grunnen til den. I 2005 har Høgskulen i Volda utdanna dei første masterkandidatane i yrkesretta spesialpedagogikk (9) og i nynorsk skriftkultur (4).

2.6 Internasjonalisering

Det var ein sterk auke i arbeidet med dei internasjonale aktivitetane i 2005. Høgskulen i Volda si målsetting er at 10% av den totale studentmassen vår skal vere ute i verda til ei kvar tid. I 2004 var andelen 4%. I 2005 var den auka til om lag 8%. Vi har også hatt god auke i talet på innreisande studentar. Mykje av grunnen til den gode veksten inn til Høgskulen i Volda må tilskrivas Erasmus Link-prosjektet der vi er den leiande institusjonen i Noreg.

Høgskulen i Volda har no 85 institusjonsavtalar i 35 land. Vi er i gang med ein grundig gjennomgang av avtaleporteføljen vår. I tida framover vil vi satse meir på konsentrasjon og kvalitetssikring. Arbeidet med kvalitetssikring er kome godt i gang. Det er laga retningslinjer for etablering og vedlikehald av avtalar, for mottak av utanlandske studentar og for rapportering etter studieopphald i utlandet.

2.7 Master i helse- og sosialarbeid og Master i kulturmøte

Strategiplanen for FoU har peika ut fire satsingsområde for Høgskulen i Volda. Eit av dei er velferdsforskning og eit anna er kulturmøte. Som del av oppfølginga av strategiplanen har Høgskulen i Volda i 2005 arbeidd med å utvikle to nye mastergradar. Den eine er i helse- og sosialarbeid og den andre i kulturmøte.

Som namnet signaliserer er Mastergraden i helse- og sosialarbeid relevant både for studentar med sosial- og helsefagleg grunnutdanning. Studiet siktar mot å styrke helse- og sosialarbeidarane sin kompetanse i relasjonsarbeid retta mot einskildpersonar, familiar og grupper. Her står omgrepa læring, meistring og myndiggjering sentralt. Studiet har også ei kopling til Kompetansesenteret for pasientinformasjon og pasientopplæring som Helse Midt-Norge har lagt til Volda. Studiet er utvikla i samarbeid med Høgskulen i Ålesund.

Kulturmøte er ein disiplinbasert mastergrad. Den er eit tverrfagleg program om møte mellom religionar, etnisitetar og kulturar. Mastergraden er eit samarbeidsprosjekt mellom Historisk institutt ved Avdeling for humanistiske fag og Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag ved Avdeling for samfunnsfag. Studiet har som mål å forstå kulturmøte som historiske fenomen og å kunne analysere kva funksjon og verdi kulturmøte har hatt i eit historisk perspektiv.

Det er sterke fagmiljø med høg kompetanse som står bak utviklinga av begge desse mastergradane.

3 ÅRSMELDING FRÅ STYRET

3.1 Oversyn over verksemda

Høgskulen i Volda er ein av 26 statlege høgskular og den største høgskulen i Møre og Romsdal. Vi tilbyr studium og yrkesutdanningar innan humanistiske fag, lærarutdanning, mediefag og samfunnsfag. Vi har rundt 3000 studentar (nokre av desse er deltidstudentar) og 238 tilsette (årsverk).

Høgskulen har ein omfattande forskingsaktivitet og samarbeider tett med den regionale forskingsstiftinga Møreforsking. Det er etablert samarbeid både nasjonalt og internasjonalt innan fleire fagområde.

Høgskulen legg vekt på å vidareutvikle og satse på eit stadig betre og breiare tilbod for å kome i møte behovet for etter- og vidareutdanning i regionen. Dette gjer vi mellom anna ved å ta i bruk ulike modellar for kombinerte tilbod og nettbasert fjernundervisning.

Aktiviteten er lokalisert innanfor eitt høgskuleområde i Volda sentrum.

Høgskulen er organisert i 4 avdelingar.

Avdeling for lærarutdanning (ALU) er den største avdelinga ved Høgskulen i Volda, og har stor breidd i fagtilboda.

Studietilbod:

- Fireåring lærarutdanning
- Førskulelærarutdanning (bachelor)
- Praktisk pedagogisk utdanning
- Master i spesialpedagogikk
- Bachelor i media, IKT og design
- Bachelor i friluftsliv og kroppsøving
- Bachelor i musikk
- Årsstudium i drama, informasjons- og kommunikasjonsteknologi, kroppsøving, kunst og handverk, matematikk, mat, kultur og helse, musikk og skuleretta samfunnsfag.
- Eit breitt spekter av halvårseiningar og påbyggingstudium saman med etter- og vidareutdanningstilboda.

Avdeling for humanistiske fag (AHF) tilbyr fag- og vidareutdanningar innan språk, litteratur og historie. AHF sine fagfolk gir også undervisning ved lærarutdanningane ved HVO (engelsk og norsk). Fagområda er tysk, engelsk, historie og norsk/nordisk.

Studietilbod:

- Bachelor i historie, kultur og samfunn
- Bachelor i litteratur og kultur
- Bachelor i språk, kommunikasjon og media
- Årsstudium i mediekunnskap, norsk, engelsk og historie
- Påbyggings- og masteremne i norsk og historie

Avdeling for samfunnsfag (ASF) gir fag-, profesjons- og vidareutdanningar innan sosialfag, offentleg administrasjon og samfunnsplanlegging, kristendomskunnskap, og kyrkjefag. ASF sine

fagfolk gir også undervisning ved lærarutdanningane ved HVO (KRL og religion).

Studietilbod:

- Master i samfunnsplanlegging og leiing
- Bachelor i sosialt arbeid: barnevernspedagog/ sosionom
- Bachelor i planlegging og administrasjon
- Bachelor i religion og kultur
- Bachelor i teologi og kyrkjefag
- Årsstudium i samfunnsvitskap og KRL

Utdanningane ved **Avdeling for mediefag (AMF)** førebur studentane til mediefagleg arbeid med vekt på opplysning og informasjon, samfunnsobservasjon og samfunnskritikk. Praktisk erfaring er vektlagd.

Studietilbod:

- Bachelor i informasjon
- Bachelor i informasjon
- Bachelor i journalistikk
- Fjernsynsreportasje og dokumentarfilm

Ivar Aasen-instituttet (IAaI) er eit forskingsinstitutt ved Høgskulen i Volda.

Studietilbod:

- Master i nynorsk skriftkultur

3.1.1 Hovudtal frå Høgskulen i Volda si verksemd

	2005	2004	2003	2002
Studentdata:				
Studentar ^{1) 2)}	3073	2904	2826	2521
Allmennlærerutdanning	347	436	442	424
Barnevernpedagogutdanning	143	153	144	137
Førskulelærerutdanning	169	176	145	131
Mastergrad/høgare grad	314	239	215	89
Journalistutdanning	132	146	129	123
Praktisk- pedagogisk utdanning	170	130	126	138
Sosionomutdanning	156	161	159	167
Andre bachelorutdanningar, årseiningar med meir	1642	1463	1466	1312
Studiepoengsproduksjon ^{3) 4)}	2065	2132	2026	1727
Allmennlærerutdanning	241	357	291	300
Barnevernpedagogutdanning	138	128	118	170
Førskulelærerutdanning	153	117	121	146
Hovudfag/mastergrad	137	110	53	44
Journalistutdanning	175	180	188	171
Praktisk- pedagogisk utdanning	49	127	44	78
Sosionomutdanning	155	144	144	104
Andre bachelorutdanningar, årseiningar med meir	1017	968	1067	715
Forsking:				
Artiklar i internasjonale, vitskaplege tidsskrift	7	10	5	10
Artiklar i nasjonale, vitskaplege tidsskrift	7	20	9	10
Bøker utgjevne på forlag	12	14	10	10
Personaldata:				
Tilsette, årsverk	238,9	235,0	241,8	232,6
Prosentdel kvinner	41,9 %	39,9 %	40,5 %	41,5 %
Økonomidata (tusen kroner):				
Grunnløyving frå UFD for året ^{5) 6) 7)}	197 974	182 140	177 586	166 384
Andre inntektar (og div.refusjonar)	14 204	14 078	14 369	11 251
Totale inntekter ^{5) 6) 7)}	212 178	196 218	191 955	177 635
Lønnskostnader ^{6) 7)}	124 225	120 283	120 411	104 562
Husleige	29 543	29 503	29 981	29 325
Andre drifts- og investeringskostnader ⁷⁾	48 456	46 903	46 549	46 476
Sum kostnader	202 224	196 689	196 941	180 363
Resultat	9 954	-471	-4 986	-2 728

Kjelde: Database for høgare utdanning, Norsk samfunnsvitenskapleg datateneste, DBH, Forskdok og interne tal

¹⁾ Hausttal - talet på alle eigenfinansierte personar. (talet på eigenfinansierte heiltidsekvivalentar har gått ned i 2005)

²⁾ Jf. ny DBH-tabell 1.4 for 2004. Tilsvarande tabell for dei andre åra er 8.1.4

³⁾ Eigenfinansierte 60-studiepoengseiningar heile året

⁴⁾ Jf. ny DBH-tabell 1.5 for 2004. Tilsvarande tabell for dei andre åra er 8.1.5

⁵⁾ Den offisielle 2003-rekneskapan inkluderer overføringar frå tidlegare år med tkr 5 683.

⁶⁾ 2005-, 2004- og 2003-rekneskapan inkluderer pensjonsutgifter, denne utgifta vart tidlegare ført berre sentralt. Det er lagt til berekna pensjonsutgifter for 2002 (10 369) for å gjere tala meir samanliknbare.

⁷⁾ Høgskulen i Volda vart nettobudsjettert frå 2003. Tidlegare rekneskap er ført etter kontantprinsippet, og tala kan difor ikkje fullt ut samanliknast. Nynorsksenteret går inn som ein del av høgskulen sin rekneskap frå 2005

3.2 Tilsette og miljø

3.2.1 Tilsette ved Høgskulen i Volda

Årsverk ved Høgskulen i Volda pr 1. oktober 2005

Stillingstype	Fast tilsette	Midlertidig tilsette	Totalt	Prosent kvinner
1 Undervisnings- forskings- og formidlingsstillinger	112,6	38,8	151,4	34,4
1a Professor	11,2	0	11,2	0,0
1b Høgskuledosent	1,2	0	1,2	83,3
1c Førsteamanuensis	26,0	1,6	27,6	20,2
1d Førstelektor	16,6	0	16,6	30,1
1e Høgskulelektor	42,4	22,1	64,5	44,5
1f Høgskulelærer	11,2	2,5	13,7	29,2
1g Stipendiatar	0	12,7	12,7	53,5
2 Støttestillingar for undervisning, forskning og formidling	11,2	3,8	14,9	18,1
3 Drifts- og vedlikehaldsstillinger	8,0	0,6	8,6	65,1
4 Administrative stillingar	48,5	15,5	64,0	62,1
4a Leiarar	2,0	0,0	2,0	0,0
4b Mellomleiarar	8,7	2,0	10,7	34,6
4c Andre administrative stillingar	37,8	13,5	51,3	70,3
SUM	180,2	58,6	238,8	41,9
To av dei midlertidige stipendiatstillingane er finansierte av NFR., og ei er finansiert av andre kjelder. 1,6 av dei midlertidige andre stillingane er finansierte frå arbeidsmarknadstiltak.				
Alle andre stillingar er finansierte over grunnbudsjettet				Kjelde: DBH

3.2.2 Likestilling

Vi viser til tabellen ovanfor, som har ein eigen kolonne for prosentdel kvinner i ulike stillingskategoriar. Denne prosentdelen viser stor variasjon alt etter stillingskategori. Når det gjeld utviklinga frå 2004 til 2005, er situasjonen om lag uendra, men med positiv tendens: for årsverk totalt ei endring frå 39,9% kvinner i 2004 til 41,9% kvinner i 2005. For undervisnings- forskings- og formidlingsstillinger er endringa frå 33,1% kvinner i 2004 til 34,4% kvinner i 2005.

Når det gjeld stipendiatstillingar, var kvinneprosenten i 2005 noko høgre enn i ordinære vitenskaplege stillingar og høgre enn i 2004 (40%).

Høgskulen har ein handlingsplan for likestilling, vedteken av styret i mars 2002. I planen er det utarbeidd strategiar og tiltak for å nå ulike likestillingsmål. I rekrutteringsarbeidet har det vore markert ønskje om kvinnelege søkjarar til ulike faglege stillingar.

3.2.3 Helse-, miljø og tryggleik

Høgskulen vart IA-bedrift våren 2002, då det vart inngått samarbeidsavtale mellom Høgskulen i Volda og Trygdeetatens arbeidslivssenter – senter for inkluderande arbeidsliv. I samband med nye retningslinjer for eigenmelding som då vart innført, tok høgskulen i bruk eit nytt eigenmeldingsskjema. Dette blir berre nytta i elektronisk versjon.

Dei kvartalsvise sjukefråversrapportane som er sende til sentralt fråversregister for staten viser at det ved HVO er ein tendens til høgre sjukefråver blant kvinner enn blant menn. Totalt sjukefråver viser ein fallande tendens i andre halvår av 2005.

Oversikt over sjukefråværet for heile året:

	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal
Heiltid menn	4,2	4,4	4,1	3,1
Heiltid kvinner	9,1	6,2	6,2	6,0
Deltid menn	4,4	3,3	5,4	3,6
Deltid kvinner	2,3	6,3	9,0	8,5
Sum	5,8	5,1	5,3	4,5

Legemelde sjukefråvær - Høgskulen i Volda samanlikna med andre - 4. kvartal

	4. kvartal 2005	4. kvartal 2004	4. kvartal 2003	4. kvartal 2002	4. kvartal 2001
Eiga verksemd	4,1 %	5,2 %	5,3 %	5,1 %	7,2 %
Undervisning	5,6 %	5,3 %	6,9 %	6,6 %	6,4 %
Statleg forvaltning	5,5 %	5,0 %	6,5 %	6,2 %	6,0 %
Heile landet	5,8 %	5,5 %	7,4 %	7,1 %	6,7 %

Høgskulen i Volda har i dei seinare åra arbeidd medvete med helse, miljø og sikkerheit.

Det er utarbeidd rutinar, sjekklister og retningslinjer på sentrale område, inkl. oppfølgingsarbeid knytt til IA-avtalen. Vidare er det utforma HMS-erklæring og malar for HMS-rapportering.

Arbeidsmiljøutvalet utarbeider kvart år ein årskalender for faste HMS-aktivitetar. Ei revisjonsgruppe sett ned av høgskuledirektøren laga våren 2005 prosedyre og skjema til HMS-revisjon, og gruppa hadde ein del prinsipielle diskusjonar knytt til systematisk HMS-arbeid, m.a. kva som bør vere dei naturlege årlege rutinane samt omfanget av desse. Det blir gjennomført vernerundar i dei seks verneområda på campus ein gong pr. år. På nokre av vernerundane har vi hatt bistand frå bedriftshelsetenesta (HMS-Consult Ørsta Volda AS).

Det er ikkje meldt eller registrert skade på tilsette eller studentar på høgskuleområdet.

Vi er medvetne om at det er viktig med kompetansebygging på HMS-området. AMU-medlemmer, verneombod og HMS-ansvarlege har anten delteke på intern arbeidsmiljøopplæring eller grunnkurs i arbeidsmiljø i regi av HMS-Consult Ørsta Volda AS. Dette vert følgt opp internt.

For tredje året på rad vart det gjennomført ein HMS-dag ved HVO 7. november 2005. Hovudtema for dagen var ulike juridiske aspekt ved omorganisering. Hausten 2004 utarbeidde arbeidsmiljøutvalet statuttar for ein eigen HMS-pris. I mangel av godt kvalifiserte kandidatar vart prisen ikkje utdelt i 2005.

Den formelle forankringa for HVO sitt arbeid med læringsmiljø er § 4-3 i *Lov om universiteter og høyskoler*. Læringsmiljøutvalet fastsette retningslinjer for LMU-arbeidet ved Høgskulen i Volda våren 2005. I samsvar med utarbeidd årsplan blir det i studieåret 2005-2006 gjennomført dialogmøte med HVO-leiinga, avdelingane og Studentsamskipnaden for Sunnmøre (SfS) med etterfølgjande befarung i bygningane, spesielt undervisningslokala. Den informasjonen om status for læringsmiljøet LMU får presentert på møta med avdelingane og SfS, dannar grunnlag for læringsmiljøutvalet sin årsrapport til styret. LMU har drøfta og definert tenestevegar og løyper den enkelte studenten skal bruke dersom ho/han ønskjer å få løyst ei sak relatert til læringsmiljøet.

På bakgrunn av tildelte investeringsmidlar vart det i 2005 gjennomført følgjande tiltak og tilretteleggingar innanfor det fysiske læringsmiljøet:

- Solskjerming av undervisningsrom mot sør i Kaarstad 1922 for betre inneklima
- Teleslynger i store undervisningsrom
- Alarmer på 12 HC-toalett
- 220V kontaktar i undervisningsrom og vrimleområde for lading av bærbar PC-ar
- Tilgang til underetasje Idrettsbygg for folk med rørslehemming

Den sosialfaglege rådgjevingstenesta gir tilbod om støtte- og oppfølgingssamtalar til enkeltpersonar, par og grupper, samt gruppetilbod på temanivå i form av kurs og seminar. Dette er gratis for studentar. Etter initiativ frå Helsestasjonen i Volda kommune vart det ved studiestart 2005 etablert ei helsestasjonsteneste på campus. Tiltaket er eit prosjekt som vil gå over minimum to semester.

Høgskulen har i samarbeid med Studentsamskipnaden for Sunnmøre etablert ei psykologisk helseteneste der psykologar står til rådvelde for studentar.

3.2.4 Ytre miljø

Ved Høgskulen i Volda vert det ikkje drive verksemd som ureinar det ytre miljøet. Omsyn til miljøet er prioritert ved høgskulen si drift.

Når det gjeld avfallshandtering, praktiserer Høgskulen i Volda kjeldesortering etter krav som er sette av Miljøverndepartementet.


Når det gjeld energiøkonomisering, har Høgskulen i Volda vore med i Statbygg Midt-Norge sitt ENØK-nettverk saman med ein del andre høgskular. Målet med arbeidet var å redusere det årlege energiforbruket med 12 %. Dette målet er nådd.



3.3 Utdanning

3.3.1 Utvikling i studenttal, nye studium/nedlegging av studium

Studieåret 2005-06 har Høgskulen i Volda fleire studentar enn nokon gong. Høgskulen i Volda har 3073 studentar og dermed ein auke på om lag 6 % samanlikna med 2004. Talet på omreknna eigenfinansierte heiltidsekvivalentar har likevel gått ned frå 2.494 hausten 2004 til 2.388 hausten 2005 etter pålegg frå departementet. Høgskulen i Volda har fleire deltidsstudentar enn tidlegare. Det kan vere fleire grunner til denne utviklinga:

- Høgskulen i Volda har fleire fleksible studietilbod
- Høgskulen i Volda tar opp mange studentar på einskildemne på 15 stp
- Det er fleire studentar på masterutdanningane våre som er deltidsstudentar
- Høgskulen i Volda gir tilbod om nettstøtta undervisning i fleire studium, t.d. matematikk
- Høgskulen i Volda gir fjernundervisning i fleire emne, t.d. KRL, norsk, samfunnsfag, ex.phil osv.





Realkompetanseopptak

Det var 123 søkjarar med grunnlag i realkompetanse gjennom SO (mot 131 i 2004) og 27 i lokalopptaket (mot 37 i 2004). På Samordna opptak var det størst søknad til barnevernspedagog-, sosionom-, førskulelærer- og allmennlærerutdanning. Det vart teke opp totalt 43 studentar med grunnlag i realkompetanse ved alle grunnutdanningar ved Høgskulen i Volda i 2005, av dette 16 gjennom SO og 27 til halvårsstudium og mindre emne i lokalt opptak (mot totalt 33 i 2004).

Utvikling i studenttal hausten 2005

Avdeling for humanistiske fag og avdeling for samfunnsfag har fått auka studenttal. ASF har 927 studentar mot 793 hausten 2004. Det er særleg gjennom opptak på einskildemne på 15 studiepoeng at avdelinga har fått fleire studentar, i tillegg til at ein har starta fleire studium, m.a. rus- og avhengigheitsproblematikk og team- og kunnskapsutvikling.

Høgskulen i Volda har fått meir enn halvering i talet på nye studentar ved allmennlærerutdanninga etter innføringa av opptakskrava, frå 97 nye studentar hausten 2004 til 42 hausten 2005. Det er mindre nedgang i talet på nye førskulelærerstudentar: frå 59 hausten 2004 til 44 hausten 2005.

Høgskulen i Volda har fått ein auke i studenttalet på norsk og historie årsstudium, og ein liten nedgang i studentar ved bachelorutdanninga i journalistikk og informasjon og media.

Kandidattal (vår og haust)

Utdanning	Uteksaminerte i 2005	Uteksaminerte i 2004
Sosionom	50	44
Barnevernspedagog	44	36
Førskulelærer	33	20
Allmennlærer	100	85
Bachelor i journalistikk	53	34
Bachelor i informasjon og media	19	17
Bachelor i Animasjon	7	6
Praktisk pedagogisk utdanning	49	123
Mastergrad i samfunnsplanlegging og leiing	10	8
Mastergrad i spesialpedagogikk	9	0
Mastergrad i nynorsk skriftkultur	4	1

Gjennomstrøyming

Studieåret 04-05 var gjennomstrøyminga 82 %. (Dette reknast slik: gjennomsnittstal heiltidsekvivalentar haust 04 (2552) og vår 05 (2475) = 2513,5 og studiepoengproduksjonen i same perioden var 2061,1). Studieåret 2003/2004 var tilsvarande prosentdel 87,2.

På mastergraden i samfunnsplanlegging og leiing var det 14 studentar på integrasjonsmodulen (masteroppgåve). 10 av desse fekk mastergraden, ei gjennomstrøyming på 71 %. Dette er ein klar oppgang frå i fjor (41 %).

Strykprosenten

Høgskulen i Volda har fått ei auke i strykprosenten frå 5,7 prosent i 2004 til 7,2 i 2005. Det er særleg Avdeling for lærarutdanning som har fått ei auke frå 5,3 prosent i 2004 til 8,6 i 2005. Det er framleis matematikk og dei andre teorifaga i lærarutdanninga som har stor strykprosent.

Strykprosenten ved Høgskulen i Volda ligg framleis litt under landsgjennomsnittet og det har den gjort i fleire år. I strykprosenten er ikkje medrekna fråfallet til eksamen (dei som har meldt seg opp til eksamen, men som ikkje møter. Desse får strykkarakter, men blir ikkje rekna med i DBH sin statistikk). Høgskulen i Volda har ei stor gruppe studentar som ikkje møter til eksamen, i snitt om lag 10 prosent.

Nye studium/nedlegging av studium

HVO har i 2005 oppretta følgjande nye studieprogram:

- Team- og kunnskapsutvikling i arbeid med barn og familiar
- Grunnskulens norskfag
- IKT i læring årsstudium
- IKT i læring 1, 2 og 3
- Matkultur og helse årsstudium
- Mat, kosthald og helse, halvårsstudium
- Ski og ballspel, halvårsstudium

Høgskulen i Volda har lagt ned følgjande studietilbod i 2005

- Biologi halvårsstudium
- Fysikk/kjemi halvårsstudium
- Heimkunnskap, halvårsstudium
- Informasjons- og kommunikasjonsteknologi årsstudium
- Informasjons- og kommunikasjonsteknologi 1 og 2
- Tysk årsstudium

Høgskulen i Volda har sendt to søknader om nye masterstudium til NOKUT i desember 2005: master i kulturmøte og master i helse- og sosialfagleg arbeid. NOKUT arbeider med å få kommisjonar på plass for begge to.

Vidareutdanning

Alle avdelingane har gjort endringar og tilpassingar av studietilboda sine når det gjeld studieformer. Fleire utdanningar kombinerer no undervisningssamlingar (både regionale og på campus) med leksjonar, kommunikasjon og rettleiing på nett (Classfrontier). Vidareutdanningane ved Høgskulen i Volda er ein integrert del av det totale studietilbodet og blir gitt på grunn-, fordjupings- og mastergradsnivå.

3.3.2 Marknaddialog og ekstern verksemd

Arbeidet med Kunnskapsløftet vart intensivert i 2005. Det har vore stor aktivitet, fordelt på utviklingsarbeid internt og avtalefesta rettleiing og andre faglege bidrag til kommunar og skular i Møre og Romsdal. Vi har oppgradert studietilboda våre for lærarar, og vi sette i gang Tysk for lærarar (30 stp) i haustsemesteret.

Avtalen med Midt i Norden (kompetansenettverk for distriktskommunar med studiesentra) om å vere utdanningspartner i nettverket, starta i 2004 og førte til at HVO investerte i nytt videokonferansesystem. Resultatet av samarbeidet i 2005 vart til saman sju (7) ulike studium. Det spesielle nye i 2005 var at vi la til rette for ein modell der deltakargruppe ved dei lokale studiesentra i Midt i Norden kunne følgje undervisninga til modulane i Master i Samfunnsplanlegging via videokonferanse saman med campusstudentane.

HVO fornya i 2005 samarbeidsavtalen med Helse Midt-Norge RHF og Kompetansesenteret for pasientinformasjon og pasientopplæring (KPI) som vart inngått medio 2003. I november 2005 vart det sett i gang eit spennande utviklingsarbeid for å få til eit tilpassa studium for farmasøytar i helseregionen. Prosjektet er både eit fagleg og administrativt samarbeid. Det resulterte i eit skreddarsydd utdanningstilbod som vert kalla Helsepedagogikk for farmasøytar, 15 studiepoeng.

Samarbeidet med Kultur- og kirkedepartementet (KKD) resulterte i 2005 i oppstart og gjennomføring av to utdanningstilbod til leiarar ved frivilligsentralar; Leiing av frivillig og offentleg samarbeid (15 stp) i vårsemesteret og Prosjekt- og informasjonsarbeid (15 stp) i haustsemesteret. Det var til saman 90 som gjennomførte desse studia.

Norsk selvhjelpsforum (NSF) vart ein ny samarbeidspartnar i 2005. NSF har knutepunktfunksjon for den nasjonale satsinga på sjølvhjelp knytt til psykisk helse, jf "Nasjonal plan for selvhjelp" utgitt av Sosial- og helsedirektoratet. Samarbeidet omfattar utvikling av eit nytt utdanningstilbod.

I samband med den nasjonale satsinga på Den kulturelle skolesekken har HVO, i samarbeid med Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylke, også dette året arbeidd med å få til eit senter for kulturproduksjon og kulturformidling knytt til høgskulen sitt fag- og studentmiljø. For andre året på rad inviterte vi kunstnarar og kulturarbeidarar innan ulike sjangrar til å kome til Volda (medio juni) og jobbe med prosjekt og produksjonar til turnear i regi av Den kulturelle skolesekken. Det var til saman om lag 100 deltakarar som jobba i Volda denne perioden.

3.3.3 Internasjonalisering

Internasjonalisering er eit sentralt satsingsområde for Høgskulen i Volda innanfor desse hovudområda:

- Studentutveksling
- Lærarutveksling og FOU
- Institusjonelt samarbeid
- Engelskspråklege tilbod
- Profilering

Status for det internasjonale arbeidet viser at aktiviteten er sterkt aukande. Talet på studentar som dreg ut i verda viser ein særst sterk auke, og talet på studentar inn til Volda viser også ein gledeleg oppgang. Ei av dei overordna målsettingane ved Høgskulen i Volda er å ha 10 % av den totale studentmassen vår ute i verda til ei kvar tid og eit tilsvarende tal studentar inn til Volda.

Studentar inn til Volda var sju frå Ungarn, tre frå Austerrike, to frå Spania og ein frå Kroatia. I tillegg kjem 25 NUS-studentar og 21 kvotestudentar på ulike studium, 10 frå i-land og 11 frå u-land.

Medan vi i år 2002 hadde om lag 1% av studentmassen ute i verda, var talet i 2003 ca. 3%, i 2004 var talet om lag 4 %¹, eller rundt 80 studentar ute i meir enn tre månadar. I 2005 har vi hatt ei dobling, med rundt 160 studentar ute i verda i meir enn tre månadar. Den største gruppa deltok på vårt eige program, det såkalla Austral-Asia kulturstudium, som vi arrangerer i tett samarbeid med Griffith University i Brisbane, og vi har også store grupper ute innanfor kyrkjefag, til Danmark og Tsjekkia.

Totalt er det avdeling for samfunnsfag som har størst utveksling i 2005 med 71 utreisande studentar. Sosialfag har svært mange på praksisutplassering i utlandet med Kenya på topp. Øvrige land er India, Spania, Litauen, Danmark og Sverige. Humanistisk avdeling er ein god nummer to med 42 utreisande studentar og 26 innreisande. Dei to store gruppene her er Austral-Asia kulturstudium (med studentar frå alle avdelingane – i hovudsak frå ALU og AMF) og NUS-studiet. Lærarutdanninga har 18 studentar ut i meir ein tre månadar, og 23 inn.

I tillegg til dei rundt 160 som dreg ut for tre månadar til eitt år, har vi ein monaleg aktivitetsauke på kortare opphald.

Mykje av grunnen til den positive auken i mobilitet inn til Volda må tilskrivast Erasmus Link prosjektet, der vi er den leiande institusjonen i Noreg. Programmet har rundt 1.8 millionar til fordeling på landsbasis, og hittil har vi fått tildelt kr 688.000 og har søkt om kr. 74.000 i tillegg. Dei utanlandske studentane finn seg svært godt til rette i Volda, og våre studentar har også begynt å reise andre vegen.

For å auke mobiliteten inn/ut har vi i 2005 to viktige tiltak internt ved Høgskulen i Volda:

Internasjonal klubb for internasjonale og norske studentar og internasjonale dagar (februar og september). Desse tiltaka verkar svært positivt inn på miljøet ved høgskulen og gir ein spore for eigne og utanlandske studentar til å knyte kontaktar over landegrensene.

¹ Om vi tek utgangspunkt i at rundt 2.000 studentar er i treårige løp

I 2005 har vi lagt vekt på å vidareutvikle dei avtalene vi alt har, framfor å inngå så mange nye. Dei nye vi har etablert/held på å etablere kontakt med er flg.:

- St. Cyril and St. Methodius University of Veliko Turnovo i Bulgaria
- University of Alberta – Mount Royal College og Concordia University i Canada
- University of Westminster i England
- Universidad Autonoma de Guadalajara i Mexico
- Uniwersytet Jagiellonski i Polen
- University of Glamorgan i Wales

Vi legg vekt på å inngå avtalar som femner om fleire fagmiljø ved høgskulen, og er nøye med å kvalitetssikre porteføljen vår til ei kvar tid. Det er stadig fleire som dreg på kontaktreiser til partnerinstitusjonar og talet på partnerbesøk til Volda er sterkt aukande. I tillegg til gjesteførelesarar frå utlandet ser vi at fleire og fleire partnerar ønskjer å delta på internasjonal dag som vert arrangert på høgskulen to gongar i året, vår og haust.

Samarbeid med SIU og andre norske institusjonar

Vi har eit tett og godt samarbeid med SIU, og er i løpande kontakt med sakshandsamarane der. Kontaktkonferansane i regi av SIU har hatt mykje å seie for etableringa dei seinare åra, og då tenkjer vi på land som Ungarn og Tyrkia, der vi har stor aktivitet. Vi har eit eige nettverk samansett av høgskulane i Ålesund, Molde, Sogn og Fjordane og Volda med treff ca. to gonger per semester. Vi samtalar m.a. om oppretting av samarbeidsavtalar, og ser at dette kan bli meir aktuelt i åra framover.

3.4 Forsking, utvikling og formidling

3.4.1 Forsknings- og utviklingsarbeid

Strategiske satsingsområde

FoU-verksemnda er forankra i Strategiplan for FoU ved HVO 2004-2008. Planen peikar ut fire strategiske satsingsområde: Velferdsforskning, Kulturmøte, Journalistikk og Utdanningsforskning. Dei fire satsingsområda går til dels på tvers av dei eksisterande avdelingsgrensene. På desse områda har vi fagmiljø med høg kompetanse som gir grunnlag for å skape sterke forskingsmiljø. På grunnlag av strategiplanen vil vi legge opp til ein meir effektiv og strategisk bruk av FoU-ressursane.

Under satsingsområdet Velferdsforskning er det to hovudtema: Lokale perspektiv på velferdssamfunnet og Kommunikativ planlegging. Fagmiljøet kring temaet Velferdsforskning arbeider for å etablere eit masterstudium i helse- og sosialarbeid. HVO har for tida to stipendiatar knytt til temaet Velferdsforskning. Temaet Kommunikativ planlegging har fått forskingsmidlar frå Forskningsrådet gjennom Strategisk instituttprogram, og prosjektet fekk forlenga finansiering fram til 2006. HVO har ein stipendiat knytt til prosjektet, og ein stipendiat ved Universitetet i Bergen, som har arbeidsplass ved HVO, er også med. Dette fagmiljøet starta opp den første masterutdanninga ved HVO, MA i samfunnsplanlegging.

Satsingsområdet Kulturmøte har nynorsk skriftkultur som eitt av sine hovudtema. Ved Ivar Aasen-instituttet har prosjektet *Det opne språket*, finansiert av Noregs forskingsråd, tre stipendiatar knytt til seg. Satsingsområdet har eit masterstudium i nynorsk skriftkultur, og det vert arbeidd med ein ny master i kulturmøte, eit samarbeid mellom historie og religionsfag. Det vert arbeidd med forskingsprosjekt med regional relevans, t.d. i samband med Vestlandshistoria, og forskarar frå HVO er med på å skrive havfiskeflåtens historie. Det er elles ein stipendiat i mediehistorie knytt til satsingsområdet.

Satsingsområdet Journalistikk har tre hovudtema: Nye media, Medieetikk og Ytringsfridom og demokrati. Tre stipendiatar er tilsett. Miljøet er med på forskingsprosjektet *Nye media og kulturteknikker* ved Universitetet i Bergen, finansiert av Forskningsrådet gjennom KIM-programmet.

Utdanningsforskning er det fjerde satsingsområdet, der utdanningsreformer, fagdidaktikk og tilpassa opplæring er hovudtema. Ei generell utfordring for dette satsingsområdet er å gjere FoU-arbeidet meir praksisretta, og fleire større og mindre FoU-prosjekt har gjort dette i 2005. Det treårige forskingsprosjektet *Begynnaropplæring og tilpassa undervisning*, finansiert gjennom KUPP-programmet i Forskingsrådet vart avslutta i 2005. Vi har elles hatt eit nært samarbeid med utdanningsdirektøren og kommunane i regionen om utviklingsprosjekt i grunnopplæringa, eit samarbeid som er styrka i samband med Kompetanseløftet. Det nasjonale senteret for nynorsk i opplæringa har tildelt midlar til mange mindre FoU-prosjekt i 2005. Eit masterstudium i spesialpedagogikk er i drift, og mastertilbod i fagdidaktikk i norsk er starta opp i samarbeid med Høgskolen i Sør-Trøndelag. Fire stipendiatar arbeider med tema knytt til utdanningsforskning.

Doktorgrader og stipendiatar i 2005

Det var ingen som disputerte i 2005. Det var 11 tilsette i stipendiatstillingar, to av dei er finansierte av Noregs forskingsråd, ei av Fritt Ord og resten av HVO. I tillegg til desse er seks tilsette tekne opp på doktorgradsprogram ved ulike universitet, og fleire arbeider med dr.philos-avhandlingar.

Vitskapleg publisering og formidling i 2005

	AHF	ALU	AMF	ASF	IAaI	Totalt HVO
Artiklar i vitsk. tidsskrift	1	5	0	6	2	14
Artiklar i fagtidsskrift og populærvitsk. tidsskrift	6	16	6	3	5	36
Kapittel i bøker på forlag	3	4	0	11	0	18
Kapittel i rapportar	8	4	1	1	4	18
Kronikkar, bokmeldingar	10	6	24	19	21	80
Vitsk. monogr./faglege bøker på forlag	4	1	1	5	3	14
Doktoravhandlingar	0	0	0	0	0	0
Rapportar utgitt av institusjon m.m.	5	9	8	12	1	35
Foredrag på vitsk. konferansar	10	21	9	18	5	63
Foredrag på fagmøte, seminar m.m.	7	31	20	44	10	112
Gjesteførelingar, populærvitsk. Foredrag	14	13	17	39	7	90
Kunstnariske framføringar, diverse FoU	12	31	21	4	4	72
Totalt	80	141	107	162	62	552

Tala og kategoriane er henta frå Forskdok-basen.

Forkortingar: AHF = Avdeling for humanistiske fag, ALU = Avdeling for lærarutdanning, AMF = Avdeling for mediefag, ASF = Avdeling for samfunnsfag, IAaI = Ivar Aasen-instituttet

3.4.2 Formidling

Populærvitskapleg verksemd

- Mange av dei tilsette har delteke som foredragshaldarar i faglege samanhengar, halde førelingar ved andre universitet og høgskular og populærvitskaplege foredrag i mange ulike fora.
- Mange har òg publisert artiklar, kronikkar, bokmeldingar m.m. i populærvitskaplege tidsskrift og dagspresse.

- Høgskulen i Volda har eit aktivt kunstfagleg miljø som gjennom konsertar, dramaframsettingar og utstillingar står for ei verksemd som er og har vore ei viktig side av den kontaktflata høgskulen har med regionen.
- I 2005 var Høgskulen i Volda saman med Møreforskning Volda med på å arrangere Forskingsdagar. Også i år hadde vi eit vellukka samarbeid med Eldreuniversitetet i Volda og Volda bygdetun.

Utgjeving av tidsskrift

- Redaktøren for Kirke, religion og samfunn er tilsett ved Avdeling for samfunnsfag.
- Ved Avdeling for lærarutdanning er ein tilsett medredaktør for Tidsskrift for Astronomi, ein annan er medlem av redaksjonsgruppa for tidsskriftet Tangenten.
- Ved Avdeling for mediefag er ein av dei tilsette medredaktør for Norsk medietidsskrift.
- Ein tilsett ved Avdeling for humanistiske fag er prosjektleiar og nettredaktør for "Busetnadssoga for Volda", "Sula-soga" og "Fotoprojektet for Volda".

I samband med større forskingsprosjekt er det fleire av dei tilsette som deltek i formidling av forskingsresultat på konferansar og møte. Det er også fleire av dei tilsette som har omfattande kontakt med aktuelle departement i form av møte og samråding, der resultat frå forskingsprosjekt vert tilbakeført som premissar for utarbeiding av den offentlege politikken.

3.4.3 Elektroniske tenester

Høgskulen i Volda opna nye vevsider våren 2003 med eit nytt elektronisk verkty som gjorde det lettare å leggje stoff på veven. Det nye verktyet fordelte informasjonsansvaret mellom om lag 70 aktive brukarar i heile organisasjonen. Samanhengande flyt av stoff, nye sikrings- og lagringsfunksjonar og lettare bruk har hatt stor effekt i form av betra og auka informasjons- og kommunikasjonsstraum. Med om lag 4000 publiserte sider med vekt på kvalitativ studieinformasjon står veven fram som den viktigaste informasjons- og kommunikasjonskjelda ved Høgskulen i Volda.

Frå 2003 til 2005 har Høgskulen i Volda, Høgskolen i Sogn og Fjordane, Høgskolen i Ålesund og Høgskulen i Molde samarbeidd om å lage ei brukarvenleg og kvalitetssikker database for oppdatering og publisering av studieinformasjon. Databasen er nettbasert med samling av data på ein stad, medan brukarane er distribuerte gjennom heile organisasjonen, med godkjenning på ulike nivå før eksport til trykte publikasjonar eller publisering på veven.

3.4.4 Biblioteket ved Høgskulen i Volda

Biblioteket er primært eit fagbibliotek for studentar og tilsette ved høgskulen, men er også ope for andre. Bøker og periodika utgjer størstedelen av samlingane med 100 975 bind, men elektroniske ressursar utgjer ein stadig større del. Biblioteket har tilgang på 20 233 elektroniske bøker (berre engelskspråklege) og ca. 2 200 tidsskrift i fulltekst.

Utlån (bøker med meir)

	2005	2004	2003	2002	2001	Differanse 2004-2005	Differanse 2001-2005
Utlån totalt	49 691	48 996	48 212	44 567	40 085	1,4 %	24,0 %
Utlån over skranke	43 447	42 689	41 374	38 228	36 656	1,8 %	18,5 %
Utlån til fjernstudentar	2 652	3 103	3 880	2 994	2 054	-14,5 %	29,1 %
Utlån til andre bibliotek	3 592	3 204	4 012	3 662	3 429	12,1 %	4,8 %

Innlån frå andre bibliotek	4 001	3 639	3 030	3 047	3 073	9,9 %	30,2 %
----------------------------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	--------

Utlån av bøker og liknande held seg om lag på same nivået som i dei to føregåande åra. Tala viser ein markert auke i bibliotekbruken etter innføring av kvalitetsreforma.

Sjølv om bruken av fulltekstdatabasar framleis er ujamn og heller låg, viser utlånstala for papirbasert informasjon og statistikken for bruk av databasar at studentane samla sett må forhalde seg til langt større mengder med informasjon enn for berre få år sidan.

Besøk

2005	2004	2003	2002	2001
130 036	144 736	137 229	119 513	139 352

Besøkstala er noko usikre, spesielt for 2004 (problem med den automatiske avlesinga). Alt tyder likevel på ein viss nedgang i besøk. Det kan verke som eit paradoks når utlånstala samtidig aukar. Årsaka er truleg at stadig meir av kommunikasjonen mellom brukarane og biblioteket går via e-post og telefon, i tillegg til at søking i biblioteket sine databasar kan utførast frå heimepcar.

Det er tydeleg at mange av dei som kjem til biblioteket oppheld seg i lokala lenger enn før, i samband med gruppearbeid o.l. (Som det har vorte mykje meir av ved innføring av kvalitetsreforma). Dette medfører også ein betydeleg bruk av biblioteket sine samlingar som ikkje vert utlånsregistrert.

3.5 Anlegg

Høgskulen sine bygg og anlegg vert primært nytta til undervisning og forskning. På høgskuleområdet leiger høgskulen 12 bygningar med til saman 28051 m². Standarden både på kontor og undervisningsrom varierer frå gammalt uventilert til nye lokale med inneklima og læringsmiljø etter dagens standard.

Høgskulen i Volda sine anlegg vert også nytta til utleigeverksemd. Dette går mest i timebasert utleige av anlegg til idrettslag og -organisasjonar på kveldstid og i helgar, men også utleige av kantine og undervisningsrom til ymse føremål.


3.6 Resultatet i 2005

3.6.1 Rekneskapsprinsipp og samla rekneskap


Årsrekneskapen for 2005 følgjer prinsippa i rekneskapslova, men det er laga nokre tilpassingar som er nødvendige på grunn av spesielle tilhøve, først og fremst på grunn av at vi er ein statleg institusjon. Desse tilpassingane er laga i samråd med Utdannings- og forskingsdepartementet (UFD), og dei er forklarte i eigen note i rekneskapen.

Det knyter seg ikkje spesielle usikre moment til rekneskapen. Det har heller ikkje kome fram tilhøve som påverkar den økonomiske stillinga etter at rekneskapen er lagt fram.

Samla hadde vi kr 212 178 000 til disposisjon i 2005. Av dette er knapt 10 mill eksternt finansiert.



Samla kostnader i 2005 vart registrert til kr 202.225.000. Dette har gjeve eit driftsoverskot på kr 9.960.000. Netto avsetningar som vert overførte til 2006 er kr 14.049.000. I tillegg kjem eigenkapitalen på kr 1.094.000.



3.6.2 Løyvingsfinansiert verksemd

Ramma for 2005 vart fordelt til avdelingane og fellestenestene i samsvar med den interne budsjettfordelingsmodellen vår. Dei resultatbaserte løyvingane vart vidareførte nesten fullt ut til avdelingane.

Etter finansieringsmodellen kjem dei resultatbaserte inntektene to år etter at aktiviteten er utført. Løyvinga vår for 2005 er dermed sett utifrå aktiviteten i 2003. Denne var svært høg, jf tabellen på neste side.

Nynorsksenteret kom i drift ved Høgskulen i Volda frå 1.1.2005. Ordinær årleg løyving kjem gjennom Utdanningsdirektoratet og er på 6 mill kr. I tillegg fekk senteret i 2005 ei prosjektløyving på 100.000 frå Utdanningsdirektoratet.

Driftsresultat frå løyvingsfinansiert verksemd viser ei forbetring på over 10 mill kr. Vi hadde budsjettert med godt resultat i 2005 på bakgrunn av den høge produksjonen i 2003, men vi vil gjere


merksam på at drifta ved Nynorsksenteret er årsak til ein del av det gode resultatet. Resultat frå ulike aktivitetar fram av rekneskapen, note 15. Oppsummert er resultatet fordelt slik:

- 2,8 mill kr for Nynorsksenteret
- 5,8 mill kr for ordinær drift og endring i interne prosjektavsetningar
- 2 mill kr i auka sentrale avsetningar

Høgskulen i Volda innførte delar av kvalitetsreforma alt frå hausten 2002, og vi kan vise til svært god studiepoengsproduksjon både i 2003 og i 2004. I 2005 gjekk studieproduksjonen ned i høve toppåret 2004:

Samla HVO	2005	2004	2003	2002	2001
Studiepoengsproduksjon vår *	1 387,8	1 453,0	1 476,7	1 363,5	1 586,3
Studiepoengsproduksjon haust *	673,5	679,2	549,3	363,5	245,9
SUM HVO	2 061,3	2 132,2	2 026,1	1 727,0	1 832,2
Endring frå føregående år	-70,9	106,2	299,1	-105,2	

* 60-studiepoengeiningar




Utviklinga i utvekslingsstudentar (utan individbaserte avtalar) har vore slik:

	2005	2004	2003	2002
ALU	40	27	17	1
AHF	64	42	28	24
ASF	65	19	10	14
AMF	31	26	25	3
SUM HVO	200	114	80	42
Endring frå føregående år	86	34	38	

ALU - avdeling for lærarutdanning
 AHF – avdeling for humanistiske fag
 ASF – avdeling for samfunnsfag
 AMF – avdeling for mediefag
 IAaI – Ivar Aasen-instituttet

Illustrasjon av studiepoengsproduksjonen frå 2001 til 2005 for dei ulike avdelingane




Alle avdelingane kan vise til oppgang i høve 2002-resultatet. Resultatet for både ALU og AHF viste stor nedgang i 2002. ALU kan vise til ein nedgang i 2005, men ligg likevel godt over 2002-resultatet. Det er gledeleg at AHF kan vise til ein slik fin oppgang. ASF og AMF held stabil produksjon.

3.6.3 Eksternt finansiert verksemd

Dei eksternt finansierte aktivitetane kjem først og fremst frå bidragsforskning og delfinansiering av etter- og vidareutdanningstilbod. I tillegg har vi eit visst omfang av sal av tenester, sal av studentproduksjonar og andre mindre oppdrag.

Når det gjeld eksterne midlar kan vi totalt sett vise til ein mindre aktivitet enn i 2004. Vi kunne vise til ei omsetjing på knapt 10 mill kroner, kr 500.000 mindre enn i 2004. Gledeleg er det likevel at aktiviteten knytt til EU-midlar har auka med nesten 1000 %! Vi har hatt ein kraftig auke innan Sokrates/Erasmus-tiltaka og dette skuldast først og fremst den høge aktiviteten vår innan Erasmus Link-programmet (utveksling knytt til Romania, Bulgaria og Tyrkia). Av ei total løyving på ca 1,8 mill kr på landsbasis har Høgskulen i Volda så langt fått tildelt kr 686.000.



Vi avslutta ikkje prosjekt i 2005 som gav overskot eller underskot.

3.6.4 Balanse og likviditet

	2005	2004	2003
Fordringar	2 056	2 822	3 344
Bankinnskot	42 511	30 315	29 192
SUM EIGEDELAR	44 567	33 137	32 536
Verksemdkapital	1 094	1 094	1 094
Avsett del av tilskot	14 049	4 089	4 560
Gjeld	29 424	27 954	26 882
SUM VERKSEMDKAPITAL OG GJELD	44 567	33 137	32 536

Ein av grunnane til auka avsetning i 2005 er at Nynorsksenteret er kome inn som ein del av høgskulen sin rekneskap. Øyremerkte avsetningar knytt til Nynorsksenteret er 2,8 millionar kroner.

3.7 Strategiske planar og utfordringar

Kvalitetsreforma har sett i gang ein djuptgripande endringsprosess i høgere utdanning i Noreg. Impulsane til endringsprosessen er både nasjonale og internasjonale. Dette krev at vi er ein lærande organisasjon, som er medveten dei prosessane som påverkar høgere utdanning, og som utviklar våre evner til omstilling. Utfordringane som ligg i endringsprosessen har vi valt å møte på ein offensiv måte ved å legge hovudvekta på dei muligheitene som dei nye rammevilkåra skaper. Dette er i tråd med dei visjonar vi i strategiplanen har trekt opp for Høgskulen i Volda:

Vi vil vere -

- ein utviklingsorientert institusjon som i samarbeid og konkurranse med andre utdannings- og forskingsinstitusjonar driv utdanning, forskning, fagleg utviklingsarbeid og formidling med høg kvalitet
- ein organisasjon som er medviten om sine tradisjonar, open mot det nasjonale og internasjonale samfunnet og offensiv i høve til sine oppgåver og utfordringar
- ein organisasjon med eit lærande og skapande arbeidsmiljø, som sameinar eit solid teoretisk nivå med yrkesretta og praksisnære utdanning, der tilsette og studentar er opptekne av å skaffe seg og utvikle ny kunnskap, lære av eigne erfaringar og stadig betre kompetansen sin
- ein ressurs for regionen som folket og styresmaktene ser som sin, og som dei er opptekne av å bevare og vidareutvikle

I 2005 har arbeidet med utvikling og omstilling først og fremst vore knytt til Kunnskapsløftet, organisasjonsprosjektet, kompetanseutvikling og kvalitetssystemet.

Vi er ein av dei høgskulane som har satsa mest på Kunnskapsløftet. Arbeidet er organisert som eit prosjekt forankra i leiinga.

Vi har i tillegg arbeidd med utvikling av to nye mastergradar. Den eine er i helse- og sosialarbeid og den andre i kulturmøte. Dette arbeidet er i tråd med FoU-planen vår. Planen har peika ut fire satsingsområde for Høgskulen i Volda:

- velferdsforskning
- kulturmøte
- journalistikk
- utdanningsforskning

3.7.1 Utfordringar knytte til forskning

Strategiplanen for FoU formulerer følgjande utfordringar:

- Høgskulen i Volda må i større grad konsentrere FoU-verksemda om utvalde og avgrensa satsingsområde og samstundes gje rom for den eigeninitierte forskinga
- Auke FoU-produksjonen og få fleire tilsette aktivt med i FoU-verksemda
- Skaffe dei som vil forske gode rammevilkår
- Styrke rekrutteringsarbeidet og vidare kompetanseutvikling
- Styrke institusjonen som ein ressurs for regional utvikling

Det er nødvendig å prioritere sterkare, og avgrense tydelege satsingsområde. Høgskulen i Volda vil derfor satse på å få forskingsmidlar til større program, som kan skape slagkraftige miljø. Arbeidet med strategisk høgskuleprogram (SHP) vil bli prioritert.

Organiseringa av forskinga ved Høgskulen i Volda er ei stor utfordring. Vi må satse på å byggje forskingsmiljø som er sterke nok til å delta i konkurransen om nasjonale forskingsmidlar, og som er stimulerande for den einskilde. Ein viktig føresetnad for dette er at vi på ein fruktbar måte greier å styrke forskingsleiinga.

Betre bruk av FoU-ressursen til den einskilde vitskapeleg tilsette er sentral. I dag er det for mange som ikkje får nytta denne på ein god måte, eller nytta den i det heile tatt. Vi må arbeide for å skape ein meir produktiv FoU-kultur. Tilsette som ikkje dokumenterer FoU-produksjon, får tilbod om rettleiing og kompetanseutvikling, eller må eventuelt prioritere andre oppgåver. Kvalitetsutvikling og vekst i FoU-verksemda krev at vi satsar enno meir på kompetanseutvikling.

Forskning og fagleg arbeid krev konsentrasjon og fordjuping. Avdelingane må difor organisere undervisninga slik at den einskilde kan få frigjort skjerma periodar til konsentrert arbeid med FoU.

Høgskulen i Volda har særskilte oppgåver som profesjonsutdannar. Det er ei utfordring å utvikle prosjekt innanfor profesjonsutdanningane, som tar opp dei utfordringane som blir stilt til høgskulane om å prioritere yrkesretta forskning.

Dialogen med regionen er også viktig i FoU-samanheng. Vi er kome godt i gang når det gjeld samarbeidet med Kompetansesenteret for pasientinformasjon og pasientopplæring – fleire prosjekt er allereie under arbeid. Vi vil utvikle dette samarbeidet i tida framover. Satsinga på «Den kulturelle skolesekken» har skapt eit grunnlag for å utvikle eit senter for kulturproduksjonar i samarbeid med Møre og Romsdal fylke. HVO vil arbeide for å etablere eit slikt senter så snart som råd. Dette kan bli ein arena som kan stimulere den faglege utviklinga innan dei praktiske og estetiske fagmiljøa.

3.7.2 Utfordringar knytte til utdanning

Ein stor utfordring i åra framover vil vere rekruttering til dei humanistiske faga og til lærarutdanningane våre. Gjennomstrøyminga i lærarutdanninga har vore lågare enn ønskeleg og det er særleg knytt til dei studentane som har dårlege karakterar frå vidaregåande skule (dårleg inntakskvalitet). Dei nye opptakskrava kan på kort sikt føre til færre søkjarar og små kull, men på sikt kan det føre til ei oppgradering av lærarutdanninga og fleire søkjarar med betre inntakskvalitet.

Høgskulen i Volda har god rekruttering til dei mange nettstudia. Utfordringa knytt til desse studia er å betre gjennomstrøyminga: strykprosenten er lav, men det er for mange studentar som ikkje tar eksamen.

Høgskulen i Volda har tre mastergrader. Det er god søknad til to av desse, men vi må auke rekrutteringa til den tredje. Det er fleire mastergrader under utvikling, og utfordringa er å lage relevante yrkesretta mastergrader. Det er også viktig å lage fleksible emne innanfor desse mastergradane som kan vere tverrfagleg.

Høgskulen i Volda har mange profesjonsutdanningar og eit omfattande samarbeid med praksisfeltet knytt til desse utdanningane. Høgskulen i Volda satsar mykje på å vidareutvikle dette samarbeidet innanfor alle profesjonsutdanningane. Journalistutdanninga legg stor vekt på å oppretthalde eit nært samarbeid med sitt yrkesfelt, både innfor avis, radio og TV. Sosialutdanningane har ei særleg utfordring knytt til den store NAV-reforma som vil få mykje å seie for viktige deler av yrkesfeltet. Høgskulen er i dialog med trykdeetat, arbeidsetat og kommunale sosialkontor om kompetanseutvikling, og drøftar også kva konsekvensar reforma må få for grunnutdanningane. Lærarutdanninga har eit sterkt engasjement knytt til kompetanseløftet og brukar dette arbeidet som eit grunnlag for å vurdere korleis yrkesrelevansen i grunnutdanninga kan styrkast.

Høgskulen i Volda har mange relevante vidareutdanningar som har god søknad. Ein viktig konkurransefaktor er at vi gir fleksible og ofte nettbaserte vidareutdanningar, og at mange av desse er på mastergradsnivå, noko som kan gi betre uttelling for kandidatane. Ei vidare satsing på etter- og vidareutdanningsfeltet er viktig for å oppretthalde aktivitets- og studenttalet ved Høgskulen i Volda.

Når det gjeld internasjonalisering, er den største utfordringa å etablere emne på engelsk innanfor alle bachelor- og masterprogram

3.7.3 Utfordringar knytte til bygg og anlegg

Høgskulen i Volda sin bygningsmasse er samansett av nokre gamle og nedslite anlegg og nokre nye og tidsmessige bygg som held god standard. Den største utfordringa og den som må prioriterast først, er å skaffe erstatning for eit nedslite og dårleg kommunalt utleigebygg – Ivar Aasen-huset. På oppdrag frå UFD har Statsbygg og Høgskulen i Volda laga eit funksjonsprogram for eit erstatningsbygg som er omtala i ein rapport frå Statsbygg av april 2003. I denne rapporten er Ivar Aasen-huset omtalt på følgjande måte: «Bygget er no i dårleg forfatning. Innemiljøet er ikkje tilfredsstillande. Bygget har branntekniske manglar og det er registrert større setningskader. Ein tilstandsrapport konkluderer med at renovering av bygget ikkje er økonomisk forsvarleg.» Statsbygg disponerer gode tomteareal for nybygg på høgskuleområdet. Av rapporten går det fram at høgskulen sit att med to gode alternativ til nybygg. Utfordringa er å skaffe husleigemidlar til eit nybygg. Dagens husleige er på 0,9 mill. kroner. Dette er urimeleg lågt i høve til storleiken på bygget og skuldast den svært låge standarden. Ny husleige er rekna til om lag 4 mill. kroner. Vi har tilbud frå Statsbygg om å dekke 1,5 mill kr av meirkostnadane og har søkt UFD om dei resterande 1,5 mill kr, men vi har hittil fått avslag på søknaden.

Den neste store utfordringa er å rehabilitere Henrik Kaarstad-huset av 1922. Inneklimaet her er svært dårleg; luftkvaliteten er målt til å liggje langt under standard. I tillegg er ikkje dagens rominndeling i samsvar med behova. Rehabiliteringa kan bli kostbar og påføre Høgskulen i Volda ein monaleg auke i husleigeutgifter. Det er difor viktig å sjå husleigeavtalene for heile vestområdet i samanheng. Idrettsbygget har stort areal, men er dårleg utnytta og har høge energikostnadar. Det er viktig å ikkje ha for lang avtaleperiode på dette bygget. Vi har difor fått Statsbygg med på ein avtale om at når rehabiliteringa av Henrik Kaarstad-huset av 1922 kjem i gang, kan vi reforhandle avtalen om Idrettsbygget.

3.8 Styringsorgan og organisasjon

3.8.1 Høgskulen sitt styre

Representantar og vararepresentantar i styret for Høgskulen i Volda 2005-2006

Interne faglege representantar:

Rektor Gunnar Stave, styreleiar
Prørektor Lidveig Bøe, nestleiar
Førstelektor Odd Ragnar Hunnes
Høgskulelektor Hilde Opsal

Intern administrativ representant:

Overingeniør Leif Roar Strand

Interne vararepresentantar for dei fagleg tilsette:

1. Førsteamanuensis Atle Døssland
2. Høgskulelektor/stipendiat Bente Vatne

Interne vararepresentantar for den administrativt tilsette:

1. Prosjektleiar Oddbjørn Nes
2. Førstekonsulent Håkon Bø

Studentrepresentantar:

Olav Øye
Mari Lome

Vararepresentantar for studentrepresentantane:

Henning Frode Dispen
Ragnhild Bjørge

Eksterne representantar:

Trygdesjef Beret Melle
Distriktsarbeidssjef Elisabet Sundgot
Redaktør Harald Kjølås
Seniorrådgiver Per Eivind Kjøl

Eksterne vararepresentantar:

Konserndirektør Elling A. Dybdal
Rektor Jessie Strand Fagervoll
Leiar (for Nynorsk mediesenter) Magni Øvrebotten

3.8.2 Høgskulen sin organisasjon



4 ÅRSREKNESKAPEN

4.1 Resultatrekneskap

	Note	2005	2004
		(sum i NOK 1000)	
Tilskot frå KD, andre departement og statlege etatar (bidrag)	1	198 437	182 155
Tilskot frå NFR	1	2 176	2 433
Inntekt frå eksternt finansiert verksemd	1	7 636	7 853
Andre inntekter	1	3 929	3 777
Sum driftsinntekt		212 178	196 218
Lønnskostnader	2	(124 225)	(120 283)
Investeringar og påkostingar	3	(5 268)	(5 578)
Andre driftskostnader	4	(72 731)	(70 828)
Sum driftskostnad		(202 224)	(196 689)
Driftsresultat		9 954	(471)
Netto avrekning løyvingfinansiert verksemd	15	(9 960)	471
Resultat etter avrekning løyvingfinansiert verksemd			0
Netto finansinntekt/(-kostnad)	5	6	0
Ordinært resultat		0	0
Ekstraordinær inntekt	6	0	0
Ekstraordinær kostnad	6	0	0
Sum ekstraordinære postar		0	0
Årsresultat frå verksemda		0	0
Resultat løyvingfinansiert verksemd belasta eigenkapitalen:			
Verksemdkapital ved einingane		0	0
Annan verksemdkapital		0	0
Resultat frå eksternt finansiert verksemd		0	0
Disponering av resultat frå eksternt finansiert verksemd			
Til verksemdkapital ved einingane	16	0	0
Til annan verksemdkapital	17	0	0
Sum fordelt		0	0

4.2 Balanse

	Note	2005	2004
EIGEDLAR			
Aksjar	7	10	0
Behaldningar	8	0	0
Kundefordringar	9	1 472	2 294
Prosjektfordringar	10	98	0
Andre fordringar	11	476	528
Bankinnskot, kontantar og liknande	12	42 511	30 315
SUM EIGEDLAR		44 567	33 137
 VERKSEMDKAPITAL OG GJELD			
INNSKOTEN EIGENKAPITAL			
Aksjer i gruppe 1	7	0	0
Sum innskoten egenkapital		0	0
 OPPTENT VERKSEMDKAPITAL (frå eksternt finansiert verksemd)			
Bunden verksemdkapital	18	10	0
Verksemdkapital ved einingane	16	0	1 094
Annan verksemdkapital	17	1 084	0
Sum verksemdkapital		1 094	1 094
 AVSETNINGAR			
Avsett del av tilskot til løyvingsfinansiert verksemd	15	14 049	4 089
Sum avsetningar for forpliktingar		14 049	4 089
 GJELD			
Leverandørgjeld		4 236	2 455
Skuldige skattetrekk		4 275	4 671
Andre skuldige offentlege trekk		0	6
Skuldige offentlege avgifter	13	4 108	4 021
Avsette feriepengar		9 780	9 715
Prosjektgjeld	10	2 565	2 635
Anna kortsiktig gjeld	14	4 460	4 451
Sum gjeld		29 424	27 954
 SUM VERKSEMDKAPITAL OG GJELD		44 567	33 137

4.3 Kontantstraumanalyse

	2005	2004
Resultat etter avrekning løyvingsfinansiert verksemd	6	0
Kostnadsføring av driftsmidlar	5 268	5 578
Endring i varer		
Endring i kundefordringar	822	638
Netto endring prosjektfordringar/-gjeld	(168)	814
Endring i leverandørgjeld	1 781	642
Endring i andre tidsavgrensingspostar	(199)	(500)
(A) Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	7 510	7 172
(Investering)/sal av aksjar		
Kostnadsføring av driftsmidlar	(5 268)	(5 578)
(B) Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	(5 268)	(5 578)
Endring avsett del av tilskot til løyvingsfinansiert verksemd	9 960	(471)
Netto finansinntekt/(-kostnad)	(6)	
(C) Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	9 954	(471)
Sum ekstraordinære postar	0	0
(D) Netto kontantstraum andre endringar	0	0
(E) Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande (A-B+/-C+/-D)	12 196	1 123
(F) Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande ved starten av perioden	30 315	29 192
Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande ved slutten av perioden (F+/-E)	42 511	30 315
Spesifikasjon av kontantbehaldninga ved slutten av perioden:		
Innskot statens konsernkonto (ikkje renteberande)	42 510	30 314
Andre renteberande bankinnskot	0	0
Handkasser og andre kontantbehaldningar	1	1
Sum bankinnskot og kontantar	42 511	30 315

4.4 Notar til rekneskapen

Note 0: Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp etter mal frå rekneskapslova og god rekneskapsskikk, tilpassa universitets- og høgskulesektoren.

Nytta rekneskapsprinsipp

Inntekter

Tilskot frå UFD, andre departement, statlege etatar og NFR vert inntektsførte i den perioden tilskotet vert motteke. Andre inntekter vert resultatførte i den perioden retten til inntekta er opptent.

Det statlege løyvingreglementet tilseier at den delen av det statlege tilskotet som ikkje er nytta ved rekneskapsavslutninga, vert sett på som ei forplikting. Dette vil tilsvare avsetningar til komande tiltak eller prosjekt. Ved årsavslutninga vert mottekne midlar avrekna mot faktisk brukte midlar, og unytta midlar (avsetning) vert presenterte på eiga linje i balansen.

Kostnader

Kostnader er resultatførte i den perioden aktiviteten er utført eller når det er identifisert ei forplikting.

Prosjekt

Inntekter knytt til prosjekt innanfor eksternt finansiert verksemd (EFV) vert inntektsført gjennom saldering av aktive prosjekt. Denne metoden tilseier at alle kostnader som er komne til, tilsvare framdrifta i prosjektet. Dette gjev ei periodisering som tilsvare kontinuerleg avrekning utan forteneeste.

Det vert ikkje sett i verk ei generell vurdering knytt til latente tap i aktive prosjekt, eit eventuelt tap vert som hovudregel kostnadsført ved endeleg konstatering av underdekning i prosjektet. Tap vert først kjent ved avslutning av prosjektet.

For aktive prosjekt der det er konstatert sannsynleg tap, er det avsett for latente tap.

Investeringar og påkostingar

Investeringar og påkostingar i eigedom, bygg og utstyr vert ikkje balanseført i rekneskapet, slike nyinnkjøp vert kostnadsførte kontinuerleg. Balanse- og resultatrekneskapet inkluderer derfor ikkje driftsmiddel eller avskrivningar. Nyinnkjøp større enn kr 30.000 - 50.000 og med ei levetid over tre år, vert definert som investeringar.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar som er tilknytt varekrinsløpet skal klassifiserast som omløpsmiddel. Fordringar vert klassifiserte som omløpsmiddel dersom dei skal betalast tilbake i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er tilsvarende kriterium lagde til grunn.

Omløpsmiddel vert vurderte til lavaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Aksjar og andre finansielle eigedelar

Aksjar og andre finansielle eigedelar skal i utgangspunktet balanseførast til innkjøpskost.

Aksjar som er kjøpte etter 1.1.2003, og som ikkje går inn i Statens kapitalrekneskap og er finansierte ved opptent verksemdkapital frå den eksternt finansierte verksemda, vert balanseførte til kostpris.

Varebeholdningar

Lager av innkjøpte varer er verdsette til lågaste av innkjøpskost etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for tap. Det er gjort frådrag for tap i samsvar med reglane i Statens økonomireglement. I tillegg er det gjort uspesifisert avsetnad for å dekkje venta tap.

Internhandel

Alle vesentlege interne transaksjonar og mellomverande er eliminerte i finansrekneskapen.

Pensjonar

Dei tilsette er knytte til Statens Pensjonskasse (SPK). Det er ikkje vore gjort utrekning eller avsetning for eventuell over-/underdekking i pensjonsordninga. Pensjonskostnaden for året tilsvarar årleg premie til SPK.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert etter kursen ved slutten av rekneskapsåret.

Ekstraordinære postar

Transaksjonar som vert sett på som uvanlege, uregelrette og vesentlege vert klassifiserte som ekstraordinære.

Verksemdkapital

Universitet og høgskular kan berre tene opp verksemdkapital innanfor den ekstern finansierte verksemda (EFV). Unytta midlar innanfor den løyvingsfinanserte verksemda vert sett på som ei forplikting, med å vise til gjennomføring av statsoppdraget.

Delar av dei midlane som vert tente opp innanfor EFV vert ført tilbake til organisasjonen og går inn i tilgjengelege midlar til dekning av drift, nyinnkjøp eller andre tilhøve innanfor formålet til institusjonen. Midlar som gjennom interne disponeringar er øyremerkte slike formål, er klassifiserte som verksemdkapital ved einingane.

Kontantstraum

Kontantstraumsoppstillinga følgjer den direkte metoden. Oppstillinga er likevel tilpassa universitets- og høgskulesektoren. Tilpassinga er i første rekkje knytt til prinsippet om kostnadsføring av investeringar og at sektoren ikkje har noko form for finansiering gjennom lån.

Kontoplan

Alle høgskular og universitet nyttar NS 4102 som utgangspunkt for den interne kontoplanen. Det er gjort tilpassingar innanfor kontogruppe 4, som følgje av at investeringar vert kostnadsførte kontinuerleg. Nyinnkjøp som etter rekneskapslova ville blitt balanseførte, vert kostnadsførte i kontogruppe 4.

Note 1 Spesifikasjon av driftsinntekter

	2005	2004
<i>Tilskot frå KD</i>		
Motteken løyving/tilskot frå KD i perioden, ordinær løyving	191 727	182 140
Motteken løyving/tilskot frå KD i perioden, løyving gjennom Utdanningsdirektoratet	6 446	0
Motteken løyving/tilskot frå andre departement og statlege etatar i perioden (bidrag)	264	15
Sum tilskot frå KD og andre departement innbetalt i perioden	198 437	182 155
Sum tilskot frå NFR, innbetalt i perioden	2 176	2 433
<i>Opptent inntekt frå eksternt finansiert verksemd (EFV):</i>		
Statlege etatar	1 878	2 765
Kommunale etatar	1 275	2 684
Organisasjonar	0	288
Næringsliv/privat	779	470
EU	732	70
Stiftingar	1 138	786
Studieavgifter	1 834	790
Andre		0
Sum inntekt frå eksternt finansiert verksemd (EFV)	7 636	7 853
<i>Sal av eigedom, utstyr og liknande</i>		
Sal av eigedom		
Sal av utstyr		
Sal av andre driftsmidlar		
Sum sal av eigedom, utstyr og liknande	0	0
<i>Andre inntekter:</i>		
Leigeinntekter	542	403
Materiellpengar	2 008	1 796
Sal av kompendier/anna kopiering	405	375
Diverse andre inntekter og refusjonar	974	1 203
Sum andre inntekter	3 929	3 777
Sum driftsinntekt	212 178	196 218

Note 2 Lønnskostnader, tal på tilsette mm

Lønnskostnader	2005	2004
Lønningar	(90 287)	(88 462)
Feriepengar	(10 921)	(10 788)
Arbeidsgjeveravgift	(15 552)	(15 152)
Pensjonskostnader	(10 702)	(10 396)
Sjukepengar og andre refusjonar	3 836	4 782
Andre ytingar	(599)	(267)
Sum lønnskostnader	(124 225)	(120 283)

Tal på årsverk i rekneskapsåret 247 247

Totale årsverk inkludert timelærarstillingar i gjennomsnitt av rapportert tal til DBH pr 1.10.i rekneskapsåret og pr 1.10 året før.

Note 3 Investeringar og påkostingar av driftsmidlar

Som følgjer av rekneskapsreglane innanfor universitets- og høgskulesektoren blir alle investeringar og påkostingar kostnadsførte etter kvart. Nyinnkjøp med ein kostpris større enn kr 30.000 og med ei levetid utover 3 år, vert rekna som investeringar.

Rekneskapsposten omfattar investeringar og påkostingar til:	2005	2004
Datautstyr, IKT/audiovisuelt utstyr og anna undervisningsutstyr	(4 759)	(4 844)
Kontormaskinar og anna inventar	(509)	(734)
Sum investeringar og påkostingar av driftsmidlar	(5 268)	(5 578)

Note 4 Andre driftskostnader

<i>Andre driftskostnader omfattar:</i>	2005	2004
Husleige	(29 543)	(29 503)
Vedlikehald egne bygg og anlegg		
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	(479)	(415)
Andre kostnader knytt til lokale	(5 786)	(5 438)
Mindre innkjøp og vedlikehald av utstyr	(4 625)	(4 109)
Kjøp av (øvings-)undervisningstenester, konsulenttenester og andre kjøp av tenester	(8 601)	(9 954)
Reiser og diett	(9 277)	(8 784)
Kostnader til tele og data (ikkje nyinnkjøp av utstyr)	(4 587)	(4 103)
Andre kontorkostnader	(7 491)	(6 516)
Andre driftskostnader	(2 342)	(2 006)
Sum andre driftskostnader	(72 731)	(70 828)

Note 5 Netto finansinntekt/(-kostnad)

	2005	2004
Finansinntekter		
Renteinntekter		
Motteke utbytte frå eigenfinansierte aksjer		
Annan finansinntekt (agio)	6	
Sum finansinntekter	6	0

Note 6 Ekstraordinære postar

Høgskulen har ikkje ekstraordinære postar verken i 2005 eller 2004.

Note 7 Investeringar i aksjar og selskapsdelar

Investeringer i aksjer foretatt før 1.1.2003, der denne investeringa går fram av Statens kapitalregnskap, skal presenterast med regnskapsmessig netto verdi tilsvarende kr. 0. I rekneskapen kjem dette fram gjennom balanseføring av innskoten eigenkapital tilsvarende den bokførte verdien av investeringa. Høgskulen i Volda har ikkje aksjar i statens kapitalrekneskap.

Aksjar som er skaffa etter 1.1.2003, går ikkje inn i Statens kapitalregnskap og er finansierte ved opptent eigenkapital frå den eksterntfinansierte verksemda. Desse er balanseførte til kostpris.

Aksjar finansierte ved eigenkapital EFV

	Forretningskontor	Eigarandel	Stemme-andel	Brutto balanseført verdi
Egget Eignedom AS	Volda	7,1 %	7,1 %	10

Note 8 Behaldningar

Høgskulen har ikkje registrerte behaldningar.

Note 9 Kundefordringar

	2005	2004
Kundefordringar til pålydande	1 472	2 294
Avsett til latent tap	0	0
Sum kundefordringar	1 472	2 294
Kostnadsført tap	0	0

Aldersfordeling kundefordringar:

Antall dagar	Ikkje forfalne	1-30	31-60	61-90	91-180	181-360	> 360
2005	1 463	2	4			2	1
2004	2 246	23		4	1	20	0
2003	2 708	59			4	146	15

Note 10 Prosjektfordringar/-gjeld

	2005	2004
Prosjektfordring, kostnader som ikkje er oppgjorde	98	0
Forskotsfakturert inntekt aktive prosjekt	2 565	2 635
Netto prosjektgjeld	2 467	2 635

Aktive prosjekt er nullstilte, slik at bidraget per 31.12 for aktive prosjekt utgjer kr 0. Kostnader som ikkje er oppgjorde er nytta som estimat på framdrifta i prosjektet. Dette prinsippet er valt som ei tilnærming til kontinuerleg avrekning utan fortjeneste, sidan høgskulane ikkje har verkty som gjer det mogleg å vurdere statusen i dei einskilde prosjekta medan prosjektet er i gang.

Det er ikkje teke ei generell vurdering knytt til latente tap i aktive prosjekt. Eventuelle tap vert kostnadsført ved endelig konstatering av eventuell underdekning i prosjektet. Tap er først kjent ved avslutning av prosjektet.

Høgskulen har følgjande hovudgrupper av prosjekt:

Oppdragsprosjekt; dette er prosjekt høgskulen utfører for ein ekstern oppdragsgjevar og der oppdragsgjevar som hovudregel har eigedomsretten til resultatata av prosjektet. Denne forma for prosjekt har som hovudregel ein fast pris og stiller høgskulen ovanfor ein finansiell risiko ved gjennomføring. Ved prosjektstart er det eit krav at oppdragsinntekta skal dekkje alle estimerte kostnader, også indirekte kostnader.

Bidragsprosjekt; dette er prosjekt der høgskulen hentar støtte frå eksterne bidragsytarar, utan konkrete krav til leveransane. Det er ikkje krav om fullfinansiering av slike prosjekt. Høgskulen vil som hovudregel ha eigedomsretten til forskingsresultatet. Tap i denne typen prosjekt vert rekna som ordinær drift for høgskulen. Det vert derfor ikkje avsett for latente tap i bidragsprosjekt.

Note 11 Andre fordringar

	2005	2004
<i>Fordringar på tilsette:</i>		
Reiseforskot	86	170
Personallån	11	14
Sum fordringar på tilsette	97	184
<i>Periodiseringar:</i>		
Forskotsbetalte kostnader	379	344
Sum periodiseringar	379	344
Sum andre fordringar	476	528

Note 12 Bankinnskot, kontantar og liknande

	2005	2004
Innskot statens konsernkonto (ikkje renteberande)	42 510	30 314
Andre bankinnskot og interimskonti	0	0
Handkasser og andre kontantbeholdningar	1	1
Sum bankinnskot og kontantar	42 511	30 315

Bundne bankinnskot

Garantiar

Sum bundne bankinnskot*	0	0
--------------------------------	----------	---

*Det er ikkje krav om at høgskulane tek vare på skattetrekksmidlane på eigen bankkonto.

Note 13 Skuldige offentlege avgifter

	2005	2004
Skuldig meirverdiavgift	232	122
Skuldig arbeidsgjevaravgift	3 876	3 899
Andre offentlege avgifter		
Sum skuldige, offentlege avgifter	4 108	4 021

Note 14 Anna kortsiktig gjeld

	2005	2004
<i>Periodiseringar:</i>		
Periodisert lønn/honorar/reiser	1 101	924
Annan periodisert gjeld	169	337
Sum periodiseringar	1 270	1 261
<i>Andre kortsiktige gjeldspostar:</i>		
Avsette pensjonsutgifter, ikkje fakturerte enno	2 305	2 248
Erasmusmidlar	173	423
Skuldig semesteravgift til Studentsamskipnaden	369	233
Skuldig innkravd avgift til SAIH	16	12
Gjennomgangskonto for løn tilsette med meir	(12)	(1)
Depositum studentavgifter	339	275
Sum andre kortsiktige gjeldspostar	3 190	3 190
Sum anna kortsiktig gjeld	4 460	4 451

Note 15 Netto avrekning løyingsfinansiert verksemd

I samsvar med det statlege løyingsreglementet er den delen av det statlege tilskotet som ikkje er nytta ved rekneskapsavslutninga å forstå som ei økonomisk binding. Tildelte, unytta midlar er avrekna som forplikting.

Det er føreteke følgjande interne avsetningar til oppgåver innanfor statsoppdraget:

	2005	2004	Endring
<i>NFR</i>			
Det opne språket	729	348	381
Begynnaropplæring	0	10	(10)
Diverse andre prosjekt frå NFR	0	666	(666)
Sum NFR	729	1 024	(295)
<i>Andre disponeringar:</i>			
Øyremerkt løyving frå KD til Nynorsksenteret	2 811		2 811
Øyremerkt løyving frå KD andre midlar	118	532	(414)
Øyremerkte midlar frå andre departement	27	18	9
Interne avsetningar - rest øyremerkte investeringsmidlar	1 228	551	677
Interne disponeringar- avsett til utviklingstiltak EV	1 151	57	1 094
Interne disponeringar- avsett til stipendiatstillingar	2 699	1 308	1 391
Interne disponeringar- avsett til oppdateringsordningar	590	290	300
Sum interne disponeringar	8 624	2 756	5 868
<i>Udisponerte midlar ved einingane</i>	1 948	(2 110)	4 058
<i>Udisponerte sentrale midlar</i>	2 748	2 419	329
Sum avsett del av tilskot til løyingsfinansiert verksemd	14 049	4 089	9 960

Note 16 Verksemdkapital ved einingane

I samsvar med det statlege løyvingsreglementet kan ikkje høgskulen etablere verksemdkapital innanfor den løyvingsfinansierte verksemda, sjå note 15. Opptent verksemdkapital tilsvarer dermed resultat frå den eksternt finansierte verksemda (EFV).

Disponert del av tidlegare overskot frå eksternt finansiert verksemd:

	2005	Ny avsetning	Nytta del ¹⁾	2004
Avsetning til utvikling av nye EV-tiltak	0	0	(1 094)	1 094
Sum verksemdkapital ved einingane	0	0	(1 094)	1 094

¹⁾ Overført til annan eigenkapital, sjå note 17

Note 17 Annan verksemdkapital

I samsvar med det statlege løyvingsreglementet kan ikkje høgskulen etablere verksemdkapital innanfor den løyvingsfinansierte verksemda, sjå note 15. Opptent verksemdkapital tilsvarer dermed resultat frå den eksternt finansierte verksemda (EFV).

Annan verksemdkapital tilsvarer tilgjengeleg kapital etter at det er teke omsyn til internt disponert del av resultatet, sjå note 16.

Verksemdkapital 01.01	0
Overført frå verksemdkapital ved einingane	1 094
Underskot løyvingsfinansiert verksemd belasta annan verksemdkapital	0
Overført til/frå bunden verksemdkapital ved investering i aksjar	(10)
Overført frå resultatet for året	0
Annan verksemdkapital 31.12.	1 084

Det vart ikkje avslutta eksterne prosjekt i 2005 som gav overskot.

Note 18 Bunden verksemdkapital

Universitet og høskular kan nytte eigenkapital frå EFV til å finansiere investeringar i randsoneverksemd. Når verksemdkapitalen er nytta til dette formålet, er den å sjå på som bunden verksemdkapital, dvs den kan ikkje nyttast til å dekkje eventuelle underskot frå drifta.

Verksemdkapital 01.01	0
Overført frå verksemdkapital ved einingane	0
Underskot løyvingsfinansiert verksemd belasta annan verksemdkapital	0
	1
Overført til/frå bunden verksemdkapital ved investering i aksjar	0
Overført frå resultatet for året	0
Bunden verksemdkapital 31.12.	1

	1
Bokført verdi balanseførte aksjar	0
Bokført verdi aksjar i gruppe 1 (innskoten eigenkapital)	0

Netto verdi balanseførte aksjar	1
	0

5 RAPPORT FRÅ REVISOR

I samsvar med lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 er Riksrevisjonen revisor for Høgskulen i Volda.

Ved avslutning av den årlege revisjonen skriv Riksrevisjonen eit avsluttande revisjonsbrev (revisjonsmelding) som summerer konklusjonane frå revisjonsarbeidet. Revisjonsbrevet vert først offentleg når Riksrevisjonen har rapportert om resultatata av revisjonen til Stortinget i oktober/november, jf lov om Riksrevisjonen § 18.

Styret vert orientert om resultatet av revisjonen for året når det avsluttande revisjonsbrevet kjem.